

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 22.02.2022  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:00

---

Møtet vert gjennomført digitalt som teams-møte.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post [joval@statsforvalteren.no](mailto:joval@statsforvalteren.no).

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ul style="list-style-type: none"><li>- Møteplan 2022</li><li>- Årshjul</li></ul>		
RS 1/22	Nyval - Nærøyfjorden verneområdestyre		2022/2780
RS 2/22	Uttale - Kulturmiljøplan Voss herad - Nærøyfjorden verneområdestyre		2021/17583
RS 3/22	Førehandsvarsel - retting av tiltak på stølen Hjølmo i Nærøyfjorden landskapsvernområde		2020/10171
RS 4/22	Spørsmål - Inngjerding på stølen Vassete - byggeskikk		2021/1569
ST 4/22	Delegerte saker		
DS 1/22	Delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - endra plassering av navigasjonsinnretning - Breiskredneset - Nærøyfjorden - Kystverket		2021/7958
DS 2/22	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorisert ferdsel		2020/10171
DS 3/22	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fyre - Nisedalen - motorferdsel - snøskuter		2022/123
ST 5/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - Prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2022		2021/16499
ST 6/22	Nærøyfjorden verneområdestyre - supplering av medlemmar i Rådgjevande utval		2022/2466

**ST 1/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 2/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 3/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**RS 1/22 Nyval - Nærøyfjorden verneområdestyre**  
**RS 2/22 Uttale - Kulturmiljøplan Voss herad - Nærøyfjorden verneområdestyre**  
**RS 3/22 Førehandsvarsel - retting av tiltak på stølen Hjølmo i Nærøyfjorden landskapsvernområde**  
**RS 4/22 Spørsmål - Inngjerding på stølen Vassete - byggeskikk**  
**ST 4/22 Delegerte saker**  
**DS 1/22 Delegert sak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - endra plassering av navigasjonsinnretning - Breiskredneset - Nærøyfjorden - Kystverket**  
**DS 2/22 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorisert ferdsel**  
**DS 3/22 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fyre - Nisedalen - motorferdsel - snøskuter**



Arkivsaksnr: 2021/16499-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 09.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/22	22.02.2022

## Nærøyfjorden verneområdestyre - Prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2022

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidler for 2022 etter fylgjande tiltaksplan:

Kort omtale av tiltak	Omsøkt	Revidert budsjett
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>		
Styvi-Holmo	280 000	280 000
Stigen	90 000	90 000
Stalheimskleiva	60 000	40 000
Øvste Stigen - Åsen	10 000	10 000
Stokko	60 000	60 000
Fronnes, slå bregner +område C med kulturminne	30 000	7 000
Skogane	15 000	15 000
Hjølmo	5 000	5 000
Nedbergo	20 000	20 000
Jeiskali	10 000	10 000
Styingstre mellom Bleiklindi - Holmo	10 000	
Trapp Skogastova pluss uttransport av gammalt skrot	20 000	
Fjerning av gammalt metallskrot og gjerde frå naturen	20 000	20 000



<b>Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar</b>		
Sti Dyrdal - Salthella - Skogane - (Rognaldsskori) - Dyrdal	20 000	10 000
Hovdungo, restaurering av sti	82 000	82 000
Rimstigen	8 000	8 000
Sti til Stigen og Beitelen	20 000	
Postvegen Bleiklindi-Styvi	20 000	15 000
Gamlevegen i Dyrdal	3 000	3 000
Grøfter gamle Bakkaveg	15 000	10 000
Sti Styvisdalen, Handadalen og Jeiskali	20 000	10 000
Stiar Fresik	10 000	10 000
Stien til Nedbergo	42 000	35 000
Tilstandsrapport/kostnadsoverslag større restaurering av postvegen	20 000	10 000
Geologisk undersøking og planlegge tilrettelegging av sti til Odnesevassan	10 000	10 000
Gamlevegen i Undredal	175 000	
<b>Tilrettelegging og informasjonstiltak</b>		
Skilt og infrastruktur på innfallsportar	50 000	10 000
Namneskilt langs stien til Skogane	10 000	
Felles informasjonskampanje med reiselivet	50000	30000
<b>Sum</b>	<b>1 185 000</b>	<b>800 000</b>

Forvaltarane kan i samråd med styreleiar omprioritere tiltaksmidlane mellom tiltaka innanfor budsjettamma.

## Saksopplysningar

Nærøfjorden verneområdestyre behandla tiltaksplan for 2020 i sak 75/21, 30.11.2021. Det vart på bakgrunn av dette sendt søknad til Miljødirektoratet om **kr. 1 185 000** i tiltaksmidlar.

Miljødirektoratet har handsama søknaden og tildelt **kr. 800 000** i tiltaksmidlar for 2021. Styret må derfor godkjenne eit revidert budsjett der ein kuttar 385 000 kr. Midlane som er tildelt i år er like mykje som styret fekk tildelt i 2020, men 100 000 mindre enn styret fekk tildelt som ordinære tiltaksmidlar i 2021.

I Miljødirektoratet sin strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde oppfordrar dei til å prioritere tiltak som direkte motverkar negative påverkningsfaktorar i verneområdet. Vidareføring av allereie igangsett skjøtsel og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging bør prioriterast over oppstart av nye tiltak.



Dokument som bakgrunn for saka:

- Midlar til forvaltning av verneområde 2022. Miljødirektoratet, Elektronisk søknadssenter.
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Rapport nr. 1-2008

## Vurdering

Verneområdeforvaltar foreslår at skjøtselstiltak der ein tidlegare år har hatt avtale med grunneigarar eller grendalag om gjennomføring, som hovudregel blir vidareført på same nivå som føregåande år. Kutt blir i hovudsak foreslått for nye tiltak og tiltak der det er planlagt brukt innleigd arbeidskraft.

Forvaltar foreslår å kutte på følgande postar:

- Redusere midlane satt av til arbeid i Stalheimskleiva, då vi fekk overført ein god del midlar frå 2021, som vil dekke det meste av planlagt arbeid.
- Kutte arbeidet på Fronnes som vi har brukt innleigd arbeidskraft til, men behalde den delen som vi har avtale med grunneigar om. Det har vore gjort ein god jobb med tynning i skogen dei siste to åra, og er ikkje kritisk om det ikkje blir gjort noko meir i år.
- Kutte midlane til skjøtsel av styvingstre langs postvegen. Dette er arbeid som SNO sannsynlegvis kan klare utan innleigd arbeidskraft i tillegg.
- Kutte «oppryddingsarbeidet» på skogane med å fikse trappa til Skogastova og få transportert ut gamalt metall og andre bygningsrestar. Dette er ikkje noko som hastar.
- Redusere i midlane til stien Dyrdal – Salthella – Skogane – Rognaldsskori – Dyrdal. Stien frå Skogane til Rognaldsskori er eit nytt prosjekt der Nærøyfjorden verdsarvpark sannsynlegvis kan bidra med ein del arbeidsinnsats.
- Foreløpig kutte midlane til arbeid med stien til Stigen og Beitelen. Her vart det brukt ein del restmidlar hausten 2021, og det er uvisst om/kor mykje arbeid som trengs i 2022. Dersom det blir behov for arbeid på denne stien foreslår vi å søke om ekstramidlar til dette.
- Redusere litt i midlane til postvegen, då det står att litt midlar frå tidlegare år.
- Redusere midlane til stiane i Styvisdalen, Handadalen og Jeiskali, då desse ikkje er prioriterte stiar i besøksstrategien.
- Redusere midlane til grøfting langs Gamle Bakkaveg til same nivå som har vore brukt tidlegare år.
- Redusere litt i midlane til stien til Nedbergo. Dette er eit nytt tiltak, men likevel ein sti vi ynskjer å prioritere. Ein bør kunne få gjennomført ein del arbeid med litt mindre midlar.
- Redusere i midlane til tilstandsrapport/kostnadsoverslag for å planlegge større restaurering av postvegen. Dette kan sannsynlegvis gjerast rimelegare med større eigeninnsats. Stien ligg inne som eit tiltak i skjøtelsplan for Nedbergo.
- Ta ut midlane satt av til restaurering av gamlevegen i Undredal. Dette er ein stor sum satt av til eit nytt prosjekt, og det vil vere veldig vanskeleg å få budsjettet til å gå opp viss ein skal halde på dette tiltaket. Det manglar framleis mykje midlar på å få prosjektet fullfinansiert, og vi foreslår heller å søke om midlar til dette i supplerande tildelingsrundar seinare i år.
- Redusere midlane satt av til skilt og infrastruktur på innfallsportar då desse ikkje er satt av til konkrete prosjekt endå, og vi klarte oss med mindre midlar i fjor.



- Kutte namneskilt langs stien til Skogane. Dette er ikkje eit prosjekt som hastar eller er viktig for verneverdiane.
- Redusere i midlane til informasjonskampanje i samarbeid med reiselivet. Dette er eit arbeid vi ikkje har starta planlegginga av endå, og som bør kunne skalerast etter dei midlane vi har.

Det vil bli inngått avtale med grunneigarar om skjøtsel i landskapsvernområdet i tråd med vedtatt budsjett og godkjente skjøtelsplanar. Forvaltar gjer avtale med grunneigarar om kva arbeid som skal utførast, og SNO fylgjer opp skjøtelsarbeidet i felt. I tillegg vil det bli lyst ut skjøtelsarbeid som grunneigarar og SNO ikkje har kapasitet til å gjere.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, kan det bli endringar på kva tiltak som blir gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar vil ved behov gjennom året oppdatere styret om status, men rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjetttramma



Arkivsaksnr: 2022/2466-0  
Sakshandsamar: Jorunn Vallestad  
Dato: 09.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	6/22	22.02.2022

## Nærøyfjorden verneområdestyre - supplering av medlemmar i Rådgjevande utval

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre sender ut invitasjon til nye og «gamle» medlemmar, og set på bakgrunn av responsen opp den endelege medlemslista.

### Saksopplysningar

I vedtektene for verneområdestyret står det følgjande om fagleg rådgjevande utval:  
*«Styret skal oppnemne eit fagleg rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike brukarinteressene i området, som til dømes fjellstyre, næringsliv, friviljuge organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med fagleg rådgjevande utval.»*

#### Oppgåver/mandat

Fagleg rådgjevande utval skal arbeide for ei heilskapleg og samordna forvaltning av verneområdet innanfor rammene av verneforskrifta. Utvalet har uttalerett og kan gi råd i alle saker som utvalet blir bedt om å ta opp til behandling, eller i saker som utvalet sjølv ser som viktige for forvaltninga av verneområda, også i forhold som omfattar næringsutvikling. Utvalet er rådgjevande ovanfor verneområdestyret.

Verneområdeforvaltaren utgjer sekretariatet i fagleg rådgjevande utval. Alle representantar kan føreslå saker til behandling i fagleg rådgjevande utval, og utvalet bestemmer sjølv kva saker dei vil ta opp til behandling. Sekretariatet kan av eige initiativ leggje saker fram for utvalet. Normalt skal ikkje enkeltsaker takast opp i utvalet, med unntak av saker som har prinsipiell betyding for forvaltninga av verneområda.

I styremøte 2-2011 6. desember 2011 gjorde verneområdestyret for Nærøyfjordområdet følgjande vedtak om samansetjing av fagleg rådgjevande utval:

- Fresvik bygdelag





- Nærøy Vel
- Bakka grendelag
- Dyrdal grendedal
- Styvi
- Undredal grendelag
- Flåmsdalen grendelag
- Frønningen grunneigarlag
- Jordalen grunneigarlag
- Aurland fjellstyre
- Lærdal fjellstyre
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane/Naturvernforbundet i Hordaland
- Sogn og Fjordane Turlag
- Voss utferdslag
- Aurland og Lærdal reiselivslag
- Fjellheimen villreinutval/-villreinnemnd
- Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Sekretær for verdsarvrådet

I ettertid har det blitt gjort nokre små justeringar i rådgjevande utval, men det har no vore uttrykt at det hadde vore nyttig med ein meir grundig gjennomgang av samansettinga og supplering av utvalet.

## Vurdering

Det har vore litt varierende oppslutning på dialogmøte med rådgjevande utval i Nærøyfjorden. Enkelte medlemmar møter sjeldan, og ein del er usikre på si rolle og kvifor det er akkurat dei som er medlem. Enkelte stadar er det diskusjon om det er grendelag eller grunneigarlag som er best eigna til å representere bygda. Det kan også opplevast som litt tilfeldig kva interesseorganisasjonar som er medlem, og om det til dømes er lokallag eller fylkeslag som er representert. I dei tilfelle det er fylkeslag som er representert kan dei mangle den lokale tilknyttingen og engasjementet som eit lokallag ville hatt. Nokon medlemsorganisasjonar finnes ikkje lenger og nokon enkeltaktørar har tatt kontakt som ynskjer å bli med i utvalet.

Supplering av rådgjevande utval vart diskutert i sist dialogmøte med rådgjevande utval og det kom då innspel om ein del konkrete endringar. Det vart også uttrykt frå styret si side at det gjerne kan vere fleire medlemmar i utvalet enn det er i dag.

I evalueringa av forvaltningsordninga som vart gjennomført av Nordlandsforskning m.fl i 2021, vart det peika på at rådgjevande utval mange stadar ikkje fungerer etter intensjonen. Mandatet er ofte uklart og mange representantar i rådgjevande utval opplever at utvalet fungerer mest som ein informasjonskanal og arena for å fremme eigne syn, utan at det medfører reell innverknad på avgjerder. Det vart konkludert med at det er eit betydelig forbedringspotensial når det gjeld involvering av desse utvala i forvaltninga ut frå målsettingane.



Å sørge for at dei rette aktørane er medlem i rådgjevande utval og at dei som er engasjert får moglegheit til å bli med, kan vere eit første steg på vegen til betre involvering og funksjon av rådgjevande utval. Det nye forslaget til samansetting av rådgjevande utval forsøker å ta inn alle endringsforslag som er kome inn, og inkludere flest mogleg som anten har uttrykt ynskje om å vere med, eller som vi trur vil ha noko å bidra med.

Forvaltar rår til at det vert sendt ut invitasjon til alle som er medlemmer i dag, og nye medlemmer som det har kome framlegg om. I grender der det både er grunneigarlag og grendalag, kan grenda sjølv avgjera om dei vil delta med ein representant eller begge organisasjonane er representert.

I nokre rådgjevande utval er bondeorganisasjonar representert. Styret må ta stilling til om desse også skal inviterast, og om det er lokallag eller fylkeslag.

Verneområdeforvaltar føreslår at verneområdestyret oppnemner nytt rådgjevande utval med følgjande medlemmar:

- Aurland Fjellstyre
- Lærdal Fjellstyre
- Bakka grendalag
- Representant frå Gudvangen og Nærøydalen
- Dyrdal grendalag
- Fresvik Bygdalag
- Frønningen grendalag
- Jordalen grunneigarlag/Jordalen grendalag
- Undredal grendalag/Undredal grunneigarlag
- Representant frå Flåm
- Grunneigarrepresentant Styvi
- Grunneigarrepresentant Stigen
- Visit Voss
- Visit Sognefjord
- Naturvernforbundet Hordaland
- Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
- Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane/Hordaland
- Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
- Raudafjell villreinutval
- Fjellheimen villreinutval
- Nordfjella villreinutval
- Sogn og Fjordane Turlag
- Bergen- og Hordaland turlag
- Aurland turlag
- Voss utferdslag
- Lærdal turlag
- Vik turlag
- Statsforvaltaren i Vestland
- Verdsarvkoordinator Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden
- Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Sognefjorden vel



**Nærøfjorden  
verneområdestyre**

---

- Høgskulen på Vestlandet
- Aurland hamnevesen

I tillegg vil Statens naturoppsyn (SNO) vere representert på møta, men ikkje vere ein del av det fagleg rådgjevande utvalet.